

Til årsmøtet i Fagforbundet avd. 283 Sunnfjord

Revisjonsmelding for 2024

Underteikna revisorar har revidert Fagforbundet sitt rekneskap for 2024 i samsvar med foreininga sine vedtekter og retningslinjer.

Revisjonen inneber gjennomgang av framlagde bilag og utskrifter.

Utbetalingar er gjort med bakgrunn i fullmakter og vedtak.

Verdiane oppført i balansen er i samsvar med bokføring og kontoutskrifter.

Revisorane har desse merknadane:

I dei to føregåande åra har revisorane hatt merknadar til føringa av bilaga som gjeld honorar og skattetrekk, utan at vi kan sjå at dette er teke omsyn til i rekneskapen. Sluttsommene vert rette, men føringa kan forenklast, gjerast meir logiske, og vil då lettare gje oversyn over betalte honorar, refusjonar og handtering av skattetrekket.

Konto 73114 utgjør ein stor del av utgiftene, og posteringane her bør spesifiserast. Til dømes bør profileringsartiklar, møteutlegg og velferdstiltak (turar) ha eigne konti. Tilsvarande gjeld for konto 73115, som gjeld tillitsvalde.

Konto 63000 er nytta til føring av husleige, og det bør også vere kontonamnet.

Det er elles god orden i foreininga sine bilag og tilhøyrande dokumentasjon.


Rekneskapen for 2024 viser eit underskot på kr 152.414,19 som reduserer Fagforbundet avd. 283 Sunnfjord sin samla eigenkapital til kr 1.595.570,04.

Revisorane meiner at den framlagde rekneskapen er tilstrekkeleg spesifisert til at den, saman med styret si årsmelding gjev rett uttrykk for foreininga sin økonomiske aktivitet i 2024, og den økonomiske stoda pr. 31.12.2024.

Revisorane kjenner ikkje til at foreininga har andre aktiva eller gjeldspostar enn dei som kjem fram i balansen.

Revisorane tilrår at den framlagde rekneskapen for 2024 kan godkjennast.

Førde, 14. januar 2025


Audhild Vie Alme

Revisor


Sturla Bell Fossen

Revisor